

## Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at eit kryssløp frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram vil vere ei god ordning for elevane. Det vil gjere at mange av dei elevane som ønskjer å ta yrkesfag, no får eit høve til dette utan at dei må starte på nytt på Vg1. Dette er elevar som har bestemt seg for eit yrkesfag og for læretid i bedrift. Dersom tilbodet blir dimensjonert ut frå kor vi har for lite elevar i forhold til læreplassar, vil eit slikt høve gjere at fleire kjem ut i lære. Det bør likevel takast i betraktning at ei slik ordning kan gå ut over breiddekompetansen til den enkelte elev, målt opp mot elevar i ordinære yrkesfaglege løp.
2. Fylkesutvalet meiner at framlegget til fag- og timefordeling er akseptabelt.
3. Fylkesutvalet støttar at det nye faget får namnet yrkesfagleg opphenting. Det kan likevel stillast spørsmål ved kor vidt dette faget er tilstrekkeleg til å gje den enkelte elev eit like godt grunnlag for vidare opplæring som andre elevar frå ordinære yrkesfaglege løp.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det vert fastsett nasjonale rammer med forskriftstatus der elevar som har fullført Vg1 studiespesialisering, kan søkje direkte til alle dei yrkesfaglege programområda på Vg2. Fylkesutvalet vil likevel påpeika at det innan nokre programområde kan medføre faglege utfordringar å halde fram opplæring på VG2 utan fyrst å ha gjennomført VG1.